

KVINNHERAD
K O M M U N E

Samfunnsutvikling

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dato
Torill Slåke	98298302	2017/1271-5	14.06.2017

Delegert dispensasjon og igangsetjingsløyve (Eitt - trinnsøknad) - Delegert vedtak

Tiltak:	Nye bygg og anlegg – frittliggande fritidsbustad og tilkomstveg
Gnr/bnr:	225/26
Byggestad/adresse:	Dyrnesvegen 17, 5459 FJELBERG
Tiltakshavar:	Willy Andre Solheim, Gartneriveien 4, 5580 ØLEN
Ansvarleg søkjar:	Tungesvik Bygg AS, Postboks 96, 5594 SKÅNEVIK
Matrikkel:	BYA: 89 m ² - BRA: H01 80 m ² - L01 25 m ²

Delegert vedtaksnr.: 2017/272

Dispensasjon:


Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve delegert dispensasjon frå pbl § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag, til oppføring av fritidsbustad og tilkomstveg. Reguleringsplanen for **Gjerde hyttefelt** på Borgundøy vart vedtatt 18.06.2014. Det er ikkje sett byggegrense mot sjø i planen, men område er avsett til byggjeføremål fritidsbustad og tilkomstveg. Tiltaka er i samsvar med reguleringsplanen og føresegnene. Tiltaka kjem ikkje vesentleg i strid med intensjonane i lova.

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 vert søknad journalført 29.03.2017 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent. Godkjenninga omfattar òg tiltaksklassar, gjennomføringsplan og ansvarsrettar for funksjonane SØK, PRO og UTF.

- Tungesvik Bygg AS
- Solheim Rør AS
- Vigor Bygg AS
- Vidar Øvrevik AS
- Skånevik Byggservice AS

Vilkår:

1. Utstikkingsdata for oppdatering av kart må sendast inn straks tiltaket er plassert, seinast ved søknad om bruksløyve/ferdigattest.
2. Når tiltaket er ferdig må det søkjast om ferdigattest, jf. Pbl § 21-10.



Tiltaket kan igangsetjast straks.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Dispensasjon: Vi har motteke grunngeven dispensasjonssøknad dat. 18.04.2017. Fritidsbustaden ligg ca 65 m frå sjøen, og på avgrensa tomt. Tiltaket vil ikkje vera til vesentleg ulempe for strandsoneverdiar og allmenn ferdsle i området.
- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Det er gjeve utsleppsløyve dat, 10.02.2017 del. Saksnr: 2017/57.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg ikkje føre merknader.
- Ansvar: Alle deler av tiltaket er dekkja av ansvar med tilhøyrande ansvarsrett til ansvarlege føretak.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndar. Dispensasjonsvedtaket vert sendt regionale mynde for klagevurdering.

Merknader

- Dette løyvet er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande leggja til rette for gjennomføringa av kontrollen.
- Rekning for saksbehandlorgebyr ifølgje vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.

- Søknad om ferdigattest med oppdatert gjennomføringsplan og sluttdokumentasjon må sendast kommunen i samsvar med PBL § 21-10 når tiltaket er ferdig. Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattesten eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalen: **www.dibk.no**

For rådmannen i Kvinnherad

Torill Slåke

saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningskomiteen

Matrikkelen

Sektor for miljø og teknikk

Fylkesmannen i Hordaland

Hordaland Fylkeskommune